



## Referat frå møte i felles brukarutval i Sogn og Fjordane

**Dato:** 14.mars

**Tid:** Kl 11.00 - 16.00

**Stad:** Comfort Victoria hotell i Florø og teams

Deltakarar		
Namn	Organisasjon	Fråvær
Eiliv K. Berdal	Sogn og Fjordane pensjonistforbund	
Eystein Udberg	Rusettervernet	
Liv Krognes	FFO (LPP)	
Marita Aarvik	FFO (LHL)	
Arne Hovland	FFO	
Øystein Ryningen	FFO	
Stein Erik Øvrebø	SAFO	x
Frida Galaasen	SAFO(NFU/NHF)	
Magne Sellevold	Kreftforeningen	
Kristoffer Skjolden	Fylkeskommunalt råd	x
Harald Ekroll	Fylkeskommunalt råd	x
Synnøve Solhaugen Engen	Kommunalt råd	x
<i>Elin Therese Sørbotten</i>	<i>KS/Førde kommune</i>	
<i>Børge Tvedt</i>	<i>Helse Førde</i>	
Tid	Nr	Saker
11.00	10/ 22	Godkjenning av innkalling og sakliste
	11/22	Godkjenning av referat frå førre møte
11.05	12/22	Leiar Eiliv ønskjer velkommen, og presenterer utvalet og bakgrunn og forventningar til møtet med Kinn kommune.
11.15	13/22	<p>Kinn kommune orienterer om kommunale planar med hovudvekt på utvikling og forbetring av tenestetilbodet til dei som treng hjelp frå ulike instansar i kommune og sjukehus, herunder koordinerande eining, teamarbeid og arbeid med gode pasientforløp.</p> <p>Brukarinvolvering og betre samhandling mellom kommune og felles brukarutval vil ha spesielt fokus i dialogen.</p> <p><u>Deltakande fagpersonar:</u>            Jan Helge Dale – fastlege            Norunn Stavø – kommunalsjef helse og omsorg            Trude Gulbranson – leiar koordinerande eining            Lene Engebø – leiar tenestetildelingsnemd omsorg</p>
13.00	<b>Vi inviterer kommunerepresentantane til felles lunch</b>	
13.45	14/ 22	Omvisning ved Sunnfjord medisinske senter
Ca 14.30	15/22	Rådgjevar i HFD Marte Bale orienterer om planer for eit prosjekt med bakgrunn i målet om «likeverdige helsetenester uansett kvar ein bur» Gjennom prosjektet vil ein sjå nærmare på helsetenester for heimebuande eldre med psykiske lidningar eller –plager, og auke forståinga for korleis heimebuande eldre sitt tilbod om psykisk helsehjelp fungerer i to geografiske område: Sogn og Fjordane og Oslo.

		Bale vil presentere planane det nye prosjektarbeidet, og å få brukarutvalet sine synspunkt og innspel til prosjektet i denne delen av arbeidet.
15.00	16/22	<p>Open Post – brukarane sin time</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Økonomirapportering – obs innsending av reiserekningar</li> </ul> <p>Ymse</p>
<b>Referat</b>		
12/22	Leiar Eiliv ønskte takka for invitasjonen frå Kinn kommune, og ønskte velkommen til møtet. Han presenterte utvalsmedlemmane, og orienterte om bakgrunn og forventningar til møtet med kommunen.	
13/22	<p>Leiar for koordinerande eining Trude Gulbranson innleia frå Kinn kommune. Ho synte til organisasjonskart for komunen, og orienterte om oppgåver og funksjon for Koordinerande eining.</p> <p>Fastlege Jan Helge Dale presenterte ideen bak pasientoppfølging i team og leiar for tildelingsnemda Lene Engebø orienterte om korleis kommunen la tilrette for gode pasientforløp. Kommunalsjef Norunn Stavø avslutta presentasjonen med ein gjennomgang av kommunen sine rådgjevande utval – gjennom høvesvis Eldrerådet og Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne.</p> <p>Det vart gjeve rom for erfaringsutveksling med spørsmål og svar undervegs, og utvalsmedlemmane gav gode tilbakemeldingar på presentasjonane. Sjå elles eigen samlepresentasjon.</p> <p>Leiar Eiliv avslutta denne økta med å takke dei kommunale representantane, og konkluderte med at utvalet ville halde fram med årlege kommunebesøk etter same modell.</p>	
14/ 22	Etter felles lunch synte Jan Helge Dale veg til Sunnfjord medisinske senter, og utvalsmedlemmane fekk orientering om historikken og den daglege drifta for senteret.	
15/22	Tilbake på hotellet presenterte rådgjevar i HFD Marte Bale plan for eit prosjekt med bakgrunn i målet om «likeverdige helsetenester uansett kvar ein bur». Gjennom eigen presentasjon presentere Bale planane det nye prosjektarbeidet, og fekk undervegs utvalet sine synspunkt og innspel til prosjektet i denne delen av arbeidet. Det vart mellom anna peika på at det ville vere gunstig å innlemme pasientane sine synspunkt og meiningar i kartleggingsarbeidet.	
16/22	<p>Under open post presenterte sekretariatet økonomistatus, og kom samstundes med påminning om verdien av løpende innsending av krav for møtegodtgjersle og reiserekningar.</p> <p>Leiar Eiliv orienterte om at Marita Årvik var oppnemd som ny nestleiar, etter at Lene Grønsberg av personlege grunnar trekte seg frå rolla. Det er positivt at ein har fått dette til og på den måten kunne fordele arbeidoppgaven mellom leiar og nestleiar.</p> <p>Leiaren fann også grunn til å nemne at vi har fått mange positive tilbakemeldingar på vår fråsegn til utviklingsplanen og leiaren takka for at det var kome inn mange gode bidrag frå medlemene i FBU til utviklingsplanen.</p> <p>Leiaren informerte elles om utvida prosjektgruppe for Liva-bygget den 7 april, og det var gjort vedtak om at Liv Krognes Stenbakk og Arne Hovland vil delta frå FBU.</p>	